



Invitasjon til fagdag i sosialtenestelova

Arrangør: Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med kontaktpersonar frå Tenestemråde (TO) Sunnmøre

Målgruppe:

Tilsette (også leiarar) i NAV kontor som konkret identifiserer behov for, tildeler og utfører tenester etter sosialtenestelova. Dei som deltek må ha grunnleggjande kompetanse på sosialtenestelova for å ha utbytte av fagdagen.

Tid og stad: 25.09.18 ved Ulstein hotell, Ulsteinvik eller 26.09.18 ved Parken hotell, Ålesund. (Begge datoane har likt innhald)

Tema og mål er god forståing og praktisering av sosialtenestelova

- Drøfte komplekse saker – case
- Drøfte tema/paragrafer i sosialtenestelova som kan være vanskeleg å forstå/praktisere
- Drøfte problemstillingar for eksempel utfordringar hos bruker/systemet/veileidar som kan gjere det vanskeleg å anvende sosialtenestelova
- Fagleg påfyll i høve tema
- Desse fagdagane er tilsvarande dei vi hadde hausten 2017.

Tidspunkt	Programskisse (pause blir lagt inn):
08.30	Registrering
09.00	Velkommen
09.15	EØS borgarar sin rett til sosiale tenester. Presentasjon av problemstilling og case. Gruppearbeid. Oppsummering og klargjering
11.45	Opplysning, råd og veiledning. Skille mellom fvl. §11 og sotjl. §17 når det skal fattast vedtak. Presentasjon av problemstilling og case. Gruppearbeid. Oppsummering og klargjering
13.25	Økonomisk stønad. Grenseoppgangen mellom §§18 og 19. Presentasjon av problemstilling og case. Gruppearbeid. Oppsummering og klargjering
15.05	Nytt og nyttig frå FM. Oppsummering og avslutning
15.30	Takk for i dag

Form og eiga førebuing:

For di målgruppa er dei med grunnleggande kjennskap og kompetanse på sosialtenestelova startar vi alle tre temabolkane med case og gruppearbeid. Deling og avklaring skjer etter kvart tema. For å ha utbytte av dagen, ber vi om at de på førehand les om tema i:

- Rundskriv Hovednr. 35 Lov om sosiale tenester i NAV.
- «Veileder for NAV-kontoret ved vurdering av lovlig opphold for EØS-borgere» (ny i februar)



- «Veileder til sosialtjenesteloven §17. Hvordan fatte vedtak på tjenesten opplysning, råd og veiledning?»

Deltaking:

Vi avgrensar til 40 deltakarar frå TO Sunnmøre på kvar fagdag. Dette kan bety at det ikkje er plass til alle som ønsker å delta. Den som deltek må derfor ta med seg erfaringane frå fagdagane, tilbake til sitt kontor for deling og diskusjon. Etter tilbakemelding frå NAV-leiarar og vår totalvurdering, har vi satt opp talet på deltakarar frå kvart NAV-kontor slik:

Sande 2, Stranda 2, Ørsta/Volda 8, Sykkylven 4, Ålesund 22, Giske 5, Sula 6, Ulstein 5, Vanylven 1, Hareid 4, Haram 5, Herøy 8, Storfjorden 6 og Sandøy 2.

Vi ber NAV-leiarane sikre at denne invitasjonen når dei tilsette dette gjeld og gjer ei intern prioritering av kven som skal delta. Dersom den påmeldte får forfall kan NAV kontoret sende ein erstattar, eller melde i frå om at plassen ikkje blir nytta.

Økonomi:

Gratis for målgruppa. Reisekostnader dekkast av arbeidsgivar. Fylkesmannen er miljøfyrtårnsertifisert og oppmodar dei som har høve til det om å reise kollektivt.

Elektronisk, bindande påmelding innan 04.09.18 på www.fylkesmannen.no. Alternativt bruk denne direktelenken til påmelding

Stadfesting:

Du vil automatisk få ei stadfesting direkte på din e-post når påmeldinga er gjort. Om du ikkje mottek slik stadfesting, er du ikkje blitt registrert som deltakar. Sjekk om du har fylt ut alle felt. Om det er stor påmelding den eine dagen versus den andre vil vi ta kontakt om bytte av dag.

Vi ber om at frist for påmelding blir haldt. Dersom det er ledige plasser etter fristen fordeler Fylkesmannen disse.

Spørsmål om **påmelding** og **endringar** skal rettast til e-post: fmmkurs@fylkesmannen.no eventuelt ta kontakt på telefon 71 25 85 05/71 25 85 14

For nærare informasjon om **innhaldet** i fagdagen kan du ta kontakt med:

Oddhild Johnsen fmmrodjo@fylkesmannen.no